



Tokke

LEIGEAVTALE FOR DRIFT AV LASTEIN BRYGGJEKAFÉ

Dette er ein leigeavtale inngått mellom:

Utleigar: Tokke kommune, Storvegen 60, 3880 Dalen. Org.nr: [Organisasjonsnummer]

Leigetakar: [Namn på driftselskap/individuell drivar], [Adresse],
[Organisasjonsnummer/Personnummer].

1. Formål

Leigeobjektet er Lastein Bryggjekafé på gnr. 22, bnr. 113 i Tokke kommune, og skal nyttast til drift av kaféverksemd i samsvar med retningsliner og krav beskrive i utlysinga datert [dato].

2. Leigeperiode

Leigeavtalen gjeld frå **1. januar 2025** til **31. Desember 2029**, med evaluering etter to år. Evalueringa skal vurdere:

- Driftskonseptet si suksess.
- Eventuelle avvik i budsjett eller drift samanlikna med det opphavlege forslaget.

Begge partar kan seie opp avtalen med seks månaders skriftleg varsel etter evalueringa. Ved manglande oppfylling av avtalekrav kan avtalen terminerast umiddelbart etter skriftleg varsel.

3. Leigepreis

Leigepreisen er sett til **kr 7 000,- eks. mva per driftsmånad** for sommarsesongen, regulert årleg i samsvar med konsumprisindeksen.

Leige blir fakturert i samsvar med utleigar sine rutinar og forfell til betaling den 1. i kvar månad.





4. Leigetakar sitt ansvar

Leigetakar er ansvarleg for:

1. **Drift:**
 - Sikre variert og kvalitetsmessig servering til besøkande.
 - Tilby forfriskingar og enkle rettar av god kvalitet.
2. **Inventar og utstyr:**
 - Investering i lausøyre, inkludert inventar til kjøkken, inne- og uteservering.
 - Vedlikehald og utskifting av teknisk utstyr og fast inventar.
3. **Vedlikehald:**
 - Innvendig vedlikehald av lokalet, inkludert tekniske anlegg og uteareal i samsvar med forvaltningsplanen.
 - Hindre innføring av blomsterartar som frør seg sjølv og halde området fritt for søppel.
4. **Løyve:**
 - Innhenting av serveringsløyve og andre nødvendige løyve.
5. **Miljø og berekraft:**
 - Prioritere kortreist og økologisk mat, samt gjennomføre tiltak for å minimere avfall.
6. **Strøm:**
 - Opprette eiga strøm abonoment.
7. **Avfall:**
 - Kaste i kommunen sitt anlegg, kommunen fakturerer ein gang i mnd.

5. Utleigar sitt ansvar

Utleigar er ansvarleg for:

1. **Ytre vedlikehald:**
 - Vedlikehald av bygningen sitt eksteriør, inkludert tak, fasadar og vindaug.
2. **Tilsyn:**
 - Sikre at bygningen oppfyller lovmessige krav til bruk.

6. Driftstider

Leigetakar forpliktar seg til å halde Lastein Bryggjekafé open i sommarsesongen frå **15. mai til 20. august** med faste opningstider.

Drift utanom sommarsesongen er valfritt, men ønskjeleg for å bidra til å sikre heilårs servering i Dalen.





Tokke

7. Evaluering og samarbeid

Etter to års drift skal utleigar og leigetakar gjennomføre ei felles evaluering av:

- Driftskonseptet si gjennomføring.
- Budsjett og økonomisk status.
- Leigetakar sin oppfylling av berekraftskrav og miljøtiltak.

Evalueringa vil danne grunnlag for vidare samarbeid og eventuelle justeringar i avtalen.

8. Oppseiing

Ved vesentleg brot på avtalen kan denne hevast med umiddelbar verknad. Ved andre tilhøve gjeld ein oppseiingsfrist på seks månader.

9. Tvistar

Eventuelle tvistar skal søkast løyste i minnelegheit. Dersom dette ikkje lukkast, kan tvisten leggjast fram for dei ordinære domstolane med [Næraste Tingrett] som verneting.

Signaturar:

For Utleigar: For Leigetakar:

Dato: [dd.mm.åååå] Dato: [dd.mm.åååå]

